

## Tips til undringsamtale med barn

<b>1</b>	<b>Kontakt og informasjon om føremål</b>	<b>Spontan samtale</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta utgangspunkt i utsegn frå barnet, åtferd eller uttrykk.</li> <li>• Spør kva som ligg bak utsegna, åtferda eller uttrykket.</li> </ul>	<b>Planlagt samtale</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skap kontakt, peik på noko positivt.</li> <li>• Forklar kvifor de skal snakke saman.</li> <li>• Fortel om observasjonen(ane) og kva du undrar over.</li> <li>• Etterspør kva som ligg bak åtferda/endingane</li> </ul>
<b>2</b>	<b>Fri forteljning og konkretisering</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppmode til fri forteljning, bruk opne spørsmål. Kva tenker du om...? Kvifor trur du det er slik..? Fortel meg om...med eigne ord</li> <li>• Sørg for å vere ein aktiv lyttar Vis at du er konsentrert om det som vert sagt, spør om meir informasjon, gjenta og summer opp undervegs for å sikre at du har oppfatta det barnet seier på rett måte. I tillegg til å gjenta er det fint å bekrefte det barnet seier ved små nikk og bekreftande ord.</li> <li>• Hald eit opplevingsfokus. Bruk gjerne oppfordrande eller beskrivande form: Kva var det som faktisk skjedde? Fortel meg meir om dette.. Korleis opplevde du..?</li> <li>• Barn treng å få tydeleg beskjed om at det er lov å fortelje dersom det har noko vanskeleg har skjedd. Vis at du toler å høyre, men du kan ikkje love at det blir ein hemmelegheit mellom deg å barnet.</li> <li>• Nokon barn som har kome med utsegn som bekymrar deg, kan i ein samtale seie at dei ikkje hugsar eller ikkje vil snakke om det. Da kan du seie at barn ofte ikkje kan fortelje fordi dei er redde for kva som skjer når dei fortel. Bruk spørsmål som: Er det slikt for deg? Dersom barnet fortel og stadfestar tidlegare utsegn er det viktig å rose han/ho for å vere modig som har fortalt.</li> </ul>	
<b>3</b>	<b>Oppsummering og avslutning</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Konkret oppsummering av samtaleinnhald. Det er viktig å bruke barnets ord for å unngå misforståingar.</li> <li>• Takk for samtalen, gi ros til barnet/ungdommen</li> <li>• Aktivt inviter barnet/ungdommen til å snakke meir med deg seinare</li> </ul>	

4	<b>Om barnet/ungdommen har fortalt noko som gir grunnlag for uro</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruk BTS-rettelearen som utgangspunkt for vidare arbeid.</li></ul> Kva skal skje? Kven skal involverast? Når skal det skje? Korleis blir det for barnet fram til då?
5	<b>Om det ikkje kom fram noko som gir grunnlag for uro</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Snakk om daglegdagse tema for avslutting</li><li>• Gi opning for ny samtale</li><li>• Ta nytt initiativ etter nokre dagar</li></ul>